


Varsel om oppstart av mindre endring/reguleringsendring

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-14 varslar Multiconsult Norge AS på vegne av Bane NOR om mindre endring eller reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for Bolstadøyri stasjon, planID: 09006 i Voss kommune. Etter plan- og bygningslova § 17-4 vert det samstundes varsla oppstart av forhandlingar om ein utbyggingsavtale mellom Voss kommune og Bane NOR for gjennomføring av planen. Utbyggingsavtalen handterast som ein eigen prosess.



Bakgrunnen for endringa er pågåande detaljprosjektering av Bolstadøyri kryssingsspor. Det er gjort vurderingar som medfører behov for endring av den gjeldande reguleringsplanen i området. Endringsbehovet omfattar endring av plankart og føresegner. Dei viktigaste endringane er markert på gjeldande plankart ovanfor. Det vert mellom anna føreslått endring av sporplassering, utforming av ny vegbru og kryss samt plattformforlenging.

Meir informasjon og fullstendige varsel- og plandokument er lagt ut på:

Multiconsult si nettside www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/ og på Voss kommune si nettside <http://www.voss.kommune.no/aktuelt-og-kunngjoringar/kunngjoringar/>

Eit papireksemplar av planforslaget er også tilgjengeleg i Servicetorget på Voss rådhus.

Naboar og grunneigarar er varsla direkte. Merknadar til planarbeidet kan sendast skriftleg til:

Multiconsult Norge AS v/ Linnea K. Karlsen, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun eller e-post: linnea.kvinge.karlsen@multiconsult.no innan **23.09.2019**.

Informasjonsmøte: Det inviterast til et ope informasjonsmøte på Bolstadøyri grendahus torsdag 5. september kl.18.00. Alle som ynskjer informasjon om planforslaget er hjarteleg velkomne!



Multiconsult